



Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal/samfunnsplanavdeling
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/660 - 14/4476

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

26.03.2014

Søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i 100 meters beltet mot sjø og frå kommuneplanen sin arealdel for tilbygg til hytte på Eikeland, gbnr 42/22.

Det vert vist til søknad motteke 10.03.2014 frå Harald Skogheim v/Eik Arkitektur og Design AS om dispensasjon for oppføring av hytte på Eikeland, gbnr 42/22.

Plangrunnlag

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut til LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde).

Søknad om dispensasjon.

Det vert i søknad d. 10.03.2014 søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i 100-metersbeltet mot sjø, sjå vedlegg.

Nabovarsel:

Søknaden er nabovarsla 17.02.2014. Det er ikkje motteke merknad til nabovarselet.

Kommuneplanen og lovgrunnlaget

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF-sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring.

Tiltaket er tilstrekkelig gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Sknad+om+rammetillatelse
Søknad om rammetillatelse gnr. 42 bnr. 22 Eikeland
Hytte_Eikeland
Situasjonskart
A20 Planer
A30 Snitt
A40 Fasader
42-22 1_1000
42-22 1_3000

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal/samfunnsplanavdeling	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN